



Utviding av Jotunheimen nasjonalpark – Vågå kommune

Områdebruk og verdivurdering av landbruk, tamreindrift, jakt, fiske og infrastruktur i utredningsområde Hindflye og Leirungsdalen



Rapport

Utviding av Jotunheimen nasjonalpark – Vågå kommune

Områdebruk og verdivurdering av landbruk, tamreindrift, jakt, fiske og infrastruktur i utredningsområde Hindflye og Leirungsdalen

Oppdragsgivar/kunde: Statsforvalteren i Innlandet

Samandrag:

Det er store landbruksinteresser knytt til utredningsområde Hindflye. Område er eit viktig område både for seterdrift, utmarksbeite og tamrein. Dei aller fleste seter-, dyrkings- og beiteområda grenser til eller ligg i «nærområdet», men det er nokon få områder med areal innafor utredningsområdet. Det er både storvilt- og småviltjakt i her, og området blir vurdert for å vere noko av dei viktigaste områda for produksjon av lirype, og for utøving av småviltjakt i heile statsallmenningen. Den gamle traktorvegen opp til Russvatnet blir nytta for køying både av tamreindriften, beitebrukarar og private interesser i området. Landbruksinteressene i Leirungsdalen knytt seg fyrst og fremst til utmarksbeite av sau og tamrein. Beitebrukarar har både saltstein, gjerder og bygg i utredningsområde. Med si lette tilgjengelegheit er område også eit viktig friluftsområde. Her utøvast det både fiske og småviltjakt, og deler av området har svært viktige produksjonsområde for lirype.

Utarbeidd av: Vågå fjellstyre v/ Oskar Pettersen	Dato: 18.11.2024
---	---------------------




Innhald

1	Områdebruk og verdivurdering landbruk	4
1.1	Innleiing	4
1.2	Utredningsområde Hindflye	5
1.3	Utredningsområde Leirungsdalen.....	13
2	Områdebruk og verdivurdering tamrein.....	15
3	Områdebruk og verdivurdering jakt/fiske	16
3.1	Innleiing	16
3.2	Utredningsområde Hindflye	18
3.3	Utredningsområde Leirungsdalen.....	19
4	Statusbeskriving faste innretningar	21
4.1	Utredningsområde Hindflye	21
4.2	Utredningsområde Leirungsdalen.....	24
5	Bibliografi	28



Figur 1: Oversiktsbilder av utredningsområda Leirungsdalen (øvt) og Hindflye



Figur 2: Oversiktskart utredningsområda Hindflye og Leirungdalen

1 Områdebruk og verdivurdering landbruk

1.1 Innleiing

Kapittelet gjev ei statusbeskriving og verdivurdering av landbruket (skogbruk og jordbruk) knytt til dei to utredningsområda Leirungdalen og Hindflye. Berre setrer/areal i «nærområdet» til dei to utredningsområda er tatt med i denne rapporten. Det vil seie område som grensar til, er i nærleiken eller på annan måte kan bli berørt av planane om vern av området.

Jordbruket er oppdelt i seterdrift og utmarksbeite. Berre setrer, beiteareal og dyrkingsparseller i aktiv bruk er tatt med. Når det gjeld vurdering av om ei seter/dyrkingsparsell er i bruk eller ikkje, ligg seterforskriftens § 9 til grunn. Vågå fjellstyre har vedteke at ei seter/dyrkingsparsell er definert i bruk så lenge den blir beita med egne dyr, blir hausta enten til egne bruk eller for sal av fôr. Slik bruk må vera knytt til ei jordbruksmessig drift av garden. Med andre ord kan ei seter eller ein dyrkingsparsell vere definert i bruk, sjølv om det ikkje er dyr på garden.

For opplysningar om jordbruksareal er det nytta digitale markslagskart frå Nibios digitale kartløyning - Kilden (NIBIO, 2023). I tillegg er det nytta opplysningar frå landbrukskontoret i Vågå, samt fjellstyrets egne

administrasjon. Jordbruksareal er delt inn i fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. I denne samanstillinga er alt jordbruksareal slått saman til ein kategori.

Opplysningar knytt til beiting i utmark er og henta frå Nibios digitale kartløyising. I tillegg er det nytta opplysningar frå landbrukskontoret i Vågå kommune og informasjon frå beitebrukarar i området. Alle beitelag i Vågå er organisert under ei felles overbygning – Vågå avløysarlag. I beitelaga Nordherad, Baksida, Tessand, Fuglhøe, Hindflye, Rusdalen, Besstrondfjellet, Leirungsdalen og Stuttgongkampen er det i dei fleste laga organisert ordning med gjeting. Fjellstyret gjev tilskot til ordninga etter fastsette retningslinjer. I 2023 gav fjellstyret eit tilskot på 79.280,- til denne ordninga.

Heile skogområdet ligg i Langmorkje Statsallmenning. Skogen og virkesretten i Langmorkje Statsallmenning blir forvalta som bygdeallmenning av Langmorkje allmenning, med administrasjon og foredlingsanlegg/sagbruk i Randsverk. Dei to utredningsområda ligg over vernskoggrensa, der det er meldeplikt for hogst. Opplysningar om produktiv barskog er henta frå digitale markslagskart, og supplert med opplysningar frå Langmorkje allmenning.

1.2 Utredningsområde Hindflye

Seterdrift

Det er ingen seter med aktiv mjølkedrift i området. Fleire setre blir halde i hevd gjennom beting av sau vår og haust, beiting av ungdyr av storfe og ved fôrproduksjon (**tabell 1**). Ved fleire av setrane er det dyrkingsparsellar og/eller beiteareal i tilknytning til, eller i nærleiken. Markslagskart viser eit totalt jordbruksareal på 651 daa (alle dyrkingskategoriar samanslått) i tilknytning til utredningsområdet (NIBIO, 2023) (Raastad, 2022).

Som vi ser av karta under så er det setre, beiteareal og dyrkingsparsellar som har areal innafor utredningsområdet. Setra tilhøyrande Rydland/Flatum (**26**) har fulldyrka jord og seterhus innafor utredningsområdet. Denne setra drives av begge gardane med felles inngjerding, men dei har eigne seterhus og bygningar som tilhøyrar garden. Gardane Nigard Lunde, Kluften og Fjellheim har også eigne beiteareal og dyrkingsparsellar som ligg innafor utredningsområdet. Dyrkingsparsellen 1129 (Fjellheim) og 930 (Kluften) har fulldyrka jord innafor utredningsområdet. Kluften har og eige kvilebu tilknytt denne parsellen. Fulldyrka jord er areal som blir hausta og fornyast ved pløying med tyngre reiskap, medan beiteareal berre blir nytta til beite utan maskinell hausting. Alle desse områda er konsentrert rundt området Søre Tverrøe og langs Russvegen, bortsett frå eit beiteareal som strekk seg opp i utredningsområdet lengre nord (1226). **Figur 4** viser ei verdivurdering av jordbruksareal. Alle områder med fulldyrka jord blir klassifisert for å ha «stor verdi», medan overflatedyrka jord, samt innmarksbeite har fått verdien «middels verdi». Kartet for verdivurdering av jordbruksareal er utvikla for bruk ved konsekvensanalysar etter «handbok for konsekvensanalysar» frå Statens vegvesen.

Det er eit visst behov for uttak av ved i tilknytning til setrene, men det er vurdert at dette blir dekkja ved å nytte seg av område utanfor utredningsområdet.


Setring og seterdrift er ein viktig ressurs for mange gardsbruk i Vågå kommune. I tillegg til å bidra med grovfôr og beiteareal, er dei ein viktig kulturberar for landbruket. Området er eit sentralt område for seterbruk i Vågå, og blir vurdert til å ha stor verdi.

Tabell 1 – Setre i/ved utredningsområdet. Fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite er slått saman i kategorien «jordbruksareal». Anna markslag og bebygd område er slått saman i kategorien «anna areal». Rød numrering er setre med areal innafor utredningsområdet.


Nr.	Feste	Gardsbruk m/ seter	Jordbruksareal seter (daa)	Prod. skog	Anna areal	Drift gard	Drift seter
1	914	Nordigard Snerle	39		6	-	Fôr
2	915	Austrem	16		20	Storfe	Fôr+beite
4	916	Løkjerandin	29			Sau	Fôr+beite
6	917	Håkåstad	20			Storfe	Beite
8	918	Solheim	25		1	Sau	Fôr+beite
9	919	Rundhaugen	14			-	Fôr+beite
10	920	Løken	38	2	5	Storfe	Fôr+beite
12	923	Vestheim	20	1	1	Storfe/sau	Fôr+beite
14	924	Jevne	17	27	1	-	Fôr
16	925	Fellese	39		3	-	Fôr+beite
17	927	Nigard Lunde	18		5	Storfe	Fôr+beite
19	928	Uppigard Sandbu	45		6	-	Fôr+beite
21	931	Fjellheim	25		2	-	Fôr
24	932	Bjørklund	11		4	Sau	Fôr+beite
25	936	Flatum		12		Sau	Ingen drift
26	937	Rydland/Flatum	29		1	Storfe	Fôr+beite
			385	59	61		

Tabell 2 - Dyrkingsparseller/beiteareal i/ved utredningsområdet. Fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite er slått saman i kategorien «jordbruksareal». Anna markslag og bebygd område er slått saman i kategorien «anna areal». Rød er områder med areal innafor utredningsområdet.

Nr.	Feste	Seter/gard	Dyrkingsparsell/ beiteareal	Jordbruksareal(daa)	Prod. skog	Anna areal
3	1394	Austrem	Beiteareal			24
5	1392	Løkjerandin	Beiteareal	17		
7	1393	Håkåstad	Beiteareal	14		22
11	921	Løken	Dyrkingsparsell	23	2	
13	1139	Vestheim	Dyrkingsparsell	67	1	7
15	1226	Nigard Lunde	Beiteareal	56		2
18	926	Nigard Lunde	Dyrkingsparsell	27		
20	930	Kluften	Dyrkingsparsell	15	17	6
22	1224	Fjellheim	Beiteareal	35		1
23	1129	Fjellheim	Kombinasjon	30		1
				284	3	57




Figur 3: Oversiktskart setre med jordbruksareal i/ved utredningsområdet (NIBIO, 2023). Grense for utredningsområdet er markert med raud strek.



Dyrkbar jord

Dyrkbar jord er areal som ved oppdyrking, kan setjast i stand til å fylle krava for lettbrukt eller mindre lettbrukt fulldyrka jord av god kvalitet. Kartet (**figur 5**) viser potensiell dyrkingsjord i eller i nærleiken av utredningsområdet. Ingen av områda i utredningsområdet har oppnådd «middels verdi» definert som sjølvdrenerert, dyrkbar jord som ikkje er blokkrik, samt tidlegare jordbruksareal som kan dyrkast opp att. Alle områda har fått «noko verdi» karakterisert som «annan dyrkbar jord». Desse områda blir vurdert for å ha liten verdi for landbruket.




Figur 5: Oversiktskart dyrkbar jord



Figur 6: Gammelt seterhus ved Hindseteren. Russlirundhøe i bakgrunn. Foto: Oskar Pettersen

Utmarksbeite

Russdalen og Hindflye beitelag har sau og storfe i utredningsområdet. Russdalen beitelag nytter i hovudsak Russdalen og område nord for Russvatnet, kor om lag 80 % av området allereie ligg innafor Jotunheimen nasjonalpark. Ei utviding av nasjonalparken med heile utredningsområdet vil auke dette området til nærare 100 %. Hindflye beitelag nyttar området Hindflye mellom Søre Tverråe og fram til Veo, kor om lag 15 % av området er innafor Jotunheimen nasjonalpark. Ei utviding av nasjonalparken med heile utredningsområdet vil auke dette området til nærare 90 %. Grensa mellom dei to beitelaga går i Søre Tverråe og opp til Russlirundhøe.



Figur 7: Oversikt over antal sau og lam sleppt innafor dei to beitelaga 2014-2023

Tabell 3: Oversikt beitelag innafor utredningsområde Hindflye. Tal frå 2023. (NIBIO, 2023)

Beitelag	Areal (daa)	Medlemmer	Sau og lam sleppt	Storfe sleppt	Tapstal
Russdalen	103.000	5	1082	0	32
Hindflye	68.000	5	481	117	16 (0 storfe)

Som vi ser av tabellane og figuren ovafor, har antal sau i utredningsområdet gått ned. Tabellen fangar ikkje opp nedgangen i antal sau innafor Hindflye beitelag, då største nedgangen i antal her skjedde før 2014. Generelt har tapsprosenten vore låg både i Russdalen og Hindflye beitelag. Ei gjennomsnittleg berekning av tapsprosent i åra 2014-2023 viser ein tapsprosent på 2 i Russdalen og 2,8 i Hindflye. Dette skuldast i hovudsak aktiv og organisert gjeting gjennom sesongen, i tillegg til tidleg sanking (Vaberg, 2024). Russdalen beitelag har tilsett eigen gjetar på full stilling heile beitesesongen.

Beitekvaliteten varierer mykje avhengig av jordsmonn, fuktigheit og klimatiske forhold. Til saman bestemmer dette vegetasjonstypen og kvaliteten på beite. Det er dei gras- og urterike areala som er det beste utmarksbeitet. Slike areal finn ein helst på mark med mykje næring og vatn i jorda (Rekdal, 2008)

Det er gjort ei vegetasjonskartlegging og vurdering av beitekvaliteten innafor heile Jotunheimen nasjonalpark. Det betyr at store delar av Russdalen beitelag sitt område allereie er kartlagt. Områda nord for Russvatnet opp til ein høgde på ca. 1300 meter over havet er stort sett karakterisert for å ha «godt beite», med nokre flekkar med «mindre godt beite» og «svært godt beite». Høgre opp får vegetasjonen eit meir alpint preg, og består stort sett av «uproduktive areal», men med enkelte område som er viktige for seinsommar- og haustbeite. Innafor Hindflye beitelag sitt område er det berre dei høgareliggjande områda

innafor nasjonalparken som er kartlagt og desse er stort sett alpine og uproduktive areal (NIBIO, 2023).

Det er grunn til å anta at område som ikkje er kartlagde i utredningsområdet i stor grad vil samanfalle med bildet vi ser for dei kartlagde områda. Område opp til mellomalpin sone (1300 moh) vil vere produktive områder med «godt beite». Det er viktig å få kartlagt områda skikkeleg, for å få eit betre kunnskapsgrunnlag om m. a. beitekapasiteten. Området har nok eit potensiale for ei betydeleg auke i beitebruken, noko også historiske data viser (**Figur 7**) (Vaberg, 2024)

Behovet for motorferdsel i samband med utmarksbeite i utredningsområdet er primært til dei faste innretningane til beitelaga (saltstein, gjetarbuer). For plassering og nærare beskriving av desse, sjå kapittelet om faste innretningar. Russdalen beitelag nyttar leigekjører og har løyve frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen nasjonalpark til to årelege turar for transport av saltstein vinterstid med snøskuter. Russdalen beitelag nyttar og køyresporet i Russdalen opp til Russvatnet med terrenggåande køyretøy innafor reglane i motorferdselslova. Eksempel er ved melding om skada dyr i området.

Dei siste åra har beitelaga merkt seg eit aukande problem med lause hundar i området. Dette kjem som følgje av at det stadig blir meir folk i området. Generelt er det viktig for beitelaga at eit vern ikkje skaper meirarbeid for utmarksbeitinga, og at beitinga kan føregå som før. Som eksempel må det vere lov å nytte tekniske hjelpemiddel som drone/termisk drone for beitebrukarar med dyr i området (Vaberg, 2024).


Store delar av utredningsområdet har godt beite med eit intensivt utmarksbeite av både sau og storfe. Utmarksareala har ei avgjerande betydning for gardar med sau og storfe. Heile utredningsområdet er vurdert å ha ein stor verdi for landbruket.

Skogbruk

Utredningsområdet Hindflye vil berøre ein liten «flekk» av produktiv furuskog i sør-vestre del av utredningsområdet, ca. 150-200 daa. Den produktive furuskogen innafor utredningsområdet er for det meste registrert som hogstklasse 3 (**figur 8**). Dei resterande skogsareala innafor utredningsområdet er stort sett lauvskog. Dagleg leder for Langmorkje allmenning vurderer verdien av skogen for å være liten, og at eit vern av dette området vil vere uproblematisk. Styret i Langmorkje allmenning har også diskutert saka tidlegare. Langmorkje almenning føreset at skogen kan bli erstatta på liknande måter som ved frivillig vern. (Øien, 2024)

Veduttak frå utredningsområdet blir vurdert for å ha eit svært lite omfang. Dei aller fleste som tek ut skog til ved gjer dette stort sett i nærheit av bilveg.

Skogbruk i utredningsområdet blir vurdert til å ha liten verdi for landbruket.



Figur 8: Produktiv skog og hogstklasser i utredningsområdet. (NIBIO, 2023)


1.3 Utredningsområde Leirungsdalen

Seterdrift

Det er ingen setrer i utredningsområdet.

Utmarksbeite

Leirungsdalen beitelag har sau i utredningsområdet. Leirungsdalen beitelag nytter området avgrensa av Sjoa, Gjende og riksveg 51. Beiteområdet til Leirungsdalen beitelag vart utvida i 2018 til områda sør-vest for Leirungsåe. Det er berre ein av brukarane som har sauene sin på denne sida av elva. Brua over Leirungsåe blir stengt med grind heile beitesesongen. Mykje av beiteområdet ligg allereie innafor Jotunheimen nasjonalpark, og eit utvida vern i dette området vil gjere at tilnærma 100 % av beitelagets område vil ligge innafor Jotunheimen nasjonalpark.



Figur 9: Oversikt over antal sau og lam sleppt innafør Leirungsdalen beitelag 2014-2023

Tabell 4: Oversikt beitelag. Tal frå 2023. (NIBIO, 2023)

Beitelag	Areal (daa)	Medlemmer	Sau og lam sleppt	Storfe slept	Tapstal
Leirungsdalen	14.500	3	595	0	19

Antal sau har dei siste 10 åra hatt ei positiv utvikling i Leirungsdalen. Ser ein lengre tilbake i tid har derimot antal sau i området gått ned. Tapsprosenten har også jamt over vore låg dei siste 10 åra. Åra 2014-2023 viser ein gjennomsnittleg tapsprosent på ca. 2,3. Også her blir det nytta mykje tid og ressursar på tidleg sank og aktiv gjeting gjennom sesongen.

Vegetasjonskartlegging i Jotunheimen nasjonalpark viser at området innafør nasjonalparken stort sett har godt beite. Ei stripe langs Leirungsåe og foten av Knutshøe blir karakterisert for å ha «svært godt beite». Som på Hindflye er det nærliggjande å tru at også resten av utredningsområdet vil samanfalla med dette bildet.

Behovet for motorferdsel i utredningsområdet knyter seg fyrst og fremst til dei faste innretningane som beitelaget har i utredningsområdet (Saltstein, trelavvo). For plassering og nærare beskriving sjå kapittelet om faste innretningar. Beitelaget har eit samarbeid med tamreinlaget om utkøyring av ny saltstein med snøskuter. Dei har og nytta båt og bore stein sjølve. Trelavvoen ved Semelhøe har vore nytta til lagring av saltstein, og anna utstyr i samband med gjeting og tilsyn. Elles har beitelaget eit langt gjerde som strekkjer seg frå samletråa ved Leirungsvegen, langs riksveg 51 og heilt fram til Leirungsåe. Det må påreknast vedlikehald av gjerder, saltsteinplassar og trelavvo med transport av materiell og utstyr på snødekt mark i åra som kjem. Også Leirungsdalen beitelag merker seg et aukande problem med lause hundar, og meiner det er for lite informasjon til turistar om reglane for bandtvang og korleis ein skal gå fram i område med beitedyr. For beitelaget er det viktig at eit vern ikkje skapar meirarbeid, og at beitinga kan skje som før utan hindringar (Solbakken, 2024).

Utredningsområdet har svært produktive areal med godt beite. Området har eit intensivt utmarksbeite av sau og blir vurdert til å ha stor verdi for landbruket.

Skogbruk

Skogsareala innafor utredningsområdet er utelukkande lauvskog. Veduttak frå utredningsområdet blir vurdert til å ha eit svært lite omfang. Dei aller fleste som tek ut skog til ved gjer dette stort sett i nærleiken av bilveg.

2 Områdebruk og verdivurdering tamrein

Vågå Tamrein AS vart stifta i 1942 og nyttar store delar av snaufjellet i Langmorkje Statallmenning. I tillegg nyttar tamreinlaget område i Sel, Øystre Slidre og Vang kommunar ulike delar av året. Det er inngått eigne hamnleigeavtaler mellom Vågå Tamrein AS og dei ulike rettshavarane som formaliserer denne bruken. Vinterflokken teller om lag 2300 dyr, og kvart år blir det slakta om lag 1600-1700 dyr.

Det meste av kalvinga skjer inst i Sjudalen i området rundt Griningsdalen. Utover våren og sommaren spreier flokken seg, og dyra trekkjer mot Valdresflye i områda mellom Gjende og Bygdin. Her kan dei ofte stå høgt til fjells. Sist i august startar arbeidet med å samle flokken til haustslakt og kalvmerking. Då bli reinen drive mot slakte- og gjerdeanlegget på toppen av Valdresflya ved rv. 51 i Øystre Slidre kommune. Det meste av dette arbeidet føregår til fots, men det blir nytta helikopter i den siste fasen av «Inntaket». Mesteparten av kalv blir slakta, medan dei tyngste kalvane bli merkt og sleppt ut att. I tillegg bli simler over 10 år slakta under haustslaktinga. Etter slakting trekkjer reinen for det meste nordover på austsida av Sjudalen mot Refjellet. På denne tida av året går reinen ofte ned i skogen, spesielt i området Murudalen (Sel og Nord Fron kommunar), og det er mykje arbeid med å halde reinen innafor det avsette beiteområdet. Så fort det blir føre for å nytte snøskuter bli flokken samla att for vinterslakt. Då bli flokken drive mot slakte- og gjerdeanlegget ved Fuglsetrene vest for Randsverk. Denne slaktinga skjer stort sett i midten av desember, så lenge vêr og føre tillét det. Under vinterslakten lukkast ein òg i større grad med å samle heile flokken, så her får ein merkt resten av kalven og teke ut dei eldre simlane som ikkje vart samla til haustslakten. Det er derimot bukk som er ferdig med brunsten som utgjer hovudtyngda ved vinterslakting. Etter vinterslakt trekkjer reinen til området rundt Trollhøe, før den blir fløtt over til «Heimfjellet», blant anna rundt Olashovda i Vågå. Etter ein månads tid her blir heile flokken fløtt over til Heidal og Heidalsmuen (Sel kommune) kor tamreinlaget leiger beite. I april blir heile flokken fløtt over Murudalen til kalvingsområda i Sjudalen att.

Vågå tamrein har ingen anlegg eller hytter innafor dei to utredningsområda. Snøskuter er hyppig brukt til gjeting av rein i heile området. På barmark bli reinen gjett til fots, med bruk av hund og drone. For samling av rein til haustslakt er helikopter nytta. Både snøskuter, helikopter og drone bli aktivt brukt i dei to utredningsområda. Det er generelt liten bruk av barmarkskjøretøy i reindriften. Innafor dei to utredningsområda er det berre køyring med barmarkskjøretøy langs den gamle traktorvegen opp til Russvatnet som førekjem. Også Lom tamreinlag nyttar seg av denne traséen for å komme seg opp til Russvatnet. Lom tamreinlag har båt ved Russvatnet, og bruker vatnet som «transportåre» for vidare ferdsel inn i beiteområdet. Bruken av drone og helikopter avgrensar behovet for å nytte barmarkskjøretøy, og difor er det viktig det bli gjort tilpassingar i verneforskrift for denne bruken. Som følgje av aukande turisme i området har tamreinlaget dei siste åra brukt mykje tid på å temme rein. Difor er dei no generelt lite plaga av skremselsåtfærd pga turisme og anna aktivitet i nasjonalparken. Ei ulempe med ein tam reinflokk er at den er vanskeleg å «jage» vekk frå område den ikkje skal vere i (Bakke, 2024)

Sjølv om reindriften har ein relativt fast områdebruk, kan reinen nytte dei to utredningsområda også utanom den faste bruken. Hindflye og Leirungsdalen er primært sommar- og haustbeiteområder, som i likheit med andre område dei nyttar til beite har ein viktig verdi. Flokkstørrelsen er etter mange års erfaring «nøye» tilpassa beiteområda den lever i. Å auke storleiken på flokken vil krevje eit større beiteareal.



Figur 10: Rein i Leirungsdalen. Foto: Oskar Pettersen

3 Områdebruk og verdivurdering jakt/fiske

3.1 Innleiing

Jakt og fiske er ein viktig rekrutteringsarena for friluftsliv, og ein betydningsfull kjelde til helse og velvære i Norge. Vågå fjellstyre driv ei kunnskapsbasert forvaltning av vilt- og fiskebestandene i tråd med reglene i fjellova. Forskrift om jakt, fangst, felling og fiske i statsallmenning regulerer også forvaltning, prisar og utøving som ikkje er omtalt i fjellova.

Storviltjakt

Langmorkje statsallmenning inngår i eit samarbeid med fire private grunneigarlag på sørsida av Ottadalen om eit felles hjorteviltvald med felles bestandsplan – «Vågå sør viltområde». I Langmorkje statsallmenning blir det årleg felt rundt 45 elgar, 5-10 hjortar og 10 rådyr. Heile statsallmenningen er inndelt i 9 jaktfelt for jakt på elg og hjort, og som blir tildelt på treårsavtaler for dei enkelte jaktlaga. Dei to utredningsområda Hindflye og Leirungsdalen inngår både i jaktfeltet «Sjodalen vest», som har ei årleg kvote på 3-4 elgar. Kvota på hjort blir tildelt som ei totalkvote på ca. 20 dyr for alle jaktfelte i Langmorkje statsallmenning. Rådyrjakt skjer i tre jaktfelt, og korta blir tildelt etter søknad og trekking. Det blir normalt seld ca. 30 rådyrkort kvart år. I 2023 blei det felt 3 elg og 1 hjort innafor jaktfelt «Sjodalen vest».

Småviltjakt

Fjellområda på både sider av Sjødalen er produktive område både for lirype, fjellrype og hare. Det kan og vera god produksjon av skogsfugl i barskogområda lengre ned i dalføret. Områda er lett tilgjengelege både haust og vinter, og er difor svært populære for dei som driv med ulike formar for småviltjakt.

Frå år 2000 har Vågå fjellstyre gjennomført ei enkel taksering av lirypebestanden før jakta, ved bruk av lokale taksørar med fuglehund. Dette har saman med fjelloppsynets eigne observasjonar, og tilbakemeldingar frå andre vore lagt til grunn for å vurdere bestand, og regulere jaktutøvinga. Regulering har vore gjort med avgrensing i kortsal, bruk av dagskvote, avgrensingar i jakttid og freding. Frå 2024 er taksering av lirype gjort etter metodikk for linjetaksering fastlagt av Hønsefuglportalen. Datagrunnlaget er analysert etter «distance sampling» eller avstandsmetoden. Dette er ei velkjent vitskapleg metode for å estimere bestandstettheit og tal individ i ulike viltbestandar.

Reglar for småviltjakt i Langmorkje statsallmenning er vedteke av Vågå fjellstyre i medhald av §§ 23 og 25 i fjellova. Jakttid for m.a. rype, hare og skogsfugl er frå 15. september, det vil seie fem dagar seinare enn dei nasjonale reglane for jakttid opnar for. Både i 2021 og 2022 vart rypejakta stoppa etter 30. september som følgje av ein svak bestand. I 2023 vart rype, orrhøne og røy freda for all jakt frå jaktstart og ut sesongen. Takseringa frå 2024 viser ei svært positiv utvikling med eit estimat på 24,6 ryper per km², og ein kjuklingproduksjon på 3,7 per par. Blant fagpersonar i Norge er det einigheit om at freding av bestanden bør vurderast ved tettheit under 5 per km² og kjuklingproduksjon under 2,5 per par.

Tabell 5: dagskvote rypejakt


	Kvote
2012	2
2013	3
2014	3
2015	2
2016	2
2017	2
2018	3
2019	2
2020	2
2021	1
2022	1

Fram til 2020 har det vore fritt sal av jaktkort for jegerar utan hund i Langmorkje statsallmenning heile sesongen (15. sept – 28. februar). I åra 2010 – 2020 vart det seld mellom 1200 og 2000 jaktkort. Dei totale inntektene frå småviltjakta har vore mellom 600 - 750.000,- årleg. Dei aller fleste av desse jaktkorta er 1- og 3-dagarskort for utanbygdes jegerar utan hund i september. Den aukande interessa for småviltjakt, samt nedgang i bestandane medførte at jaktkortsalet frå 2021 vart avgrensa for utanbygdes jegerar utan hund med 125 5-dagarskort i tre periodar i september, fordelt etter søknad og trekking. Det er i normalår opna for eit fritt kortsal for utanbygdes jegerar utan hund frå 30. september og ut sesongen. Frå 2004 har utanbygdes jegerar med fuglehund vore avgrensa med eit tak på 70 5-dagarskort fordelt på to periodar i september, i tre ulike felt (A, B og C). Utredningsområde Hindflye ligg innafor område B, mens utredningsområde Leirungsdalen ligg innafor område C. Resten av sesongen er det ikkje opna for utanbygdes jegerar med fuglehund. Innanbygds jegerar både med og utan fuglehund er ei stabil jegergruppe, med om lag 60-80 selde sesongkort og nokre få dagskort/vekeskort. Det er fritt sal av jaktkort for innanbygds jegerar både med og utan hund.

Det har vore opna for utanbygdes jegerar med harehund frå og med 11. oktober i Langmorkje statsallmenning. Den fyrste veka (11 – 17. oktober) har vore søknadsbasert med tildeling av 25 kort. Resten av sesongen 18. oktober – 23. desember har det vore fritt kortsal. Innanbygds med harehund kan jakte i tida 15. september – 28. februar med eit opphald frå 25. september – 1. oktober pga. elgjakt. Harebestanden har dei seinare åra vore god.

Det finst ikkje «stedsspesifikk» fangststatistikk for dei to utredningsområda. Vågå fjellstyre har derimot fangststatistikk frå statsallmenningen frå mange år tilbake. Fordelinga av lirype og fjellrype i fangststatistikken er ca. 55/45 (Lirype/fjellrype - tal basert på gjennomsnittleg berekna fangst 2010-2022). I åra 2010 – 2015 var den gjennomsnittlege rapporteringsprosenten på rundt 20. Dette betra seg kraftig frå 2015 etter at jaktkortsalet gjekk meir over til Inatur. Figuren under viser derfor også til eit estimert uttak som er berekna ut frå den rapporterte fangsten. Elles samanfell fjellstyrets eigen fangststatistikk for

Langmorkje statsallmenning godt med Statistisk sentralbyrå si oversikt over felt småvilt i Vågå kommune (SSB, 2023). På Vågå fjellstyre sine heimesider finn ein ytterlegare informasjon om jakttilbod, kortsal, taksering, fangststatistikk og reglar.



Figur 11: Fangststatistikk og jaktkortsal Langmorkje Statsallmenning 2010 – 2022. Estimert uttak er basert på det rapporterte uttaket det enkelte år.

3.2 Utredningsområde Hindflye

Hindflye som strekkjer seg frå Veo til Russa, er produktive og spesielt attraktive område for jakt på lirype, spesielt for dei med fuglehund. Det er òg i nokon grad jakt på skogsfugl i barskogen i nedre del av utredningsområdet. Harejakt både med og utan hund førekjem også. Støkkjegerar bruker i større grad heile utredningsområde og jaktar både skogsfugl, lirype og fjellrype. Området Hindflye er også eit attraktivt område for arrangering av ulike formar for hundepøver – spesielt fuglhundpøver. Innafor jaktområdet «Sjodalen vest» er nedre delar av utredningsområdet viktig for utøving av storviltjakta. Det må påreknast frakt av felt elg og hjort innafor heile utredningsområdet. Det blir normalt nytta ATV og/eller «jernhest» til dette. Det må bli gjort tilpassingar i verneforskrift slik at frakt av felt storvilt kan føregå på same måte som før, også med bruk av ATV. Fisket innafor utredningsområdet begrensar seg til elva Russa. Stongfiskarar nyttar dei øvre og rolege delane av Russa, kor det er mogleg å få fin aure.

Utredningsområdet er eit viktig område både for produksjon og utøving av jakt og fiske i statsallmenningen. Området blir vurdert til å vere eit av dei viktigaste områda for produksjon av lirype, og for utøving av småviltjakt i heile statsallmenningen.


3.3 Utredningsområde Leirungsdalen

Leirungsdalen har ein lett tilgjengelegheit for utøving av jakt og fiske og anna friluftsliv. Både sommar og vinterstid er dette å rekne som eit mykje brukt utfartsområde. Nedre Leirungen og områda omkring vatnet har stort potensiale for å kunne nyttast til formidlingsarbeid og arrangement knytt til jakt og fiske, skuleopplegg, introjakt eller fiskedagar.

Leirungsmyrene og Steinflybakkane, og områda langs Leirungsåa er produktive område for liryte. Øvre delar av utredningsområdet (over 1350 moh) er viktige og gode biotopar for fjellryte. Heile området er viktige og attraktive område for utøving av rypejakt, både for jegerar med og utan hund. Det har vore arrangert fuglehundprøver i området heilt sidan 1980-talet. Gudbrandsdal fuglehundklubb søkte også i år, og fekk løyve til å nytte områda i Sjodalen til fuglehundprøve fyrst i september. Ein verneprosess og ei verneforskrift må ta høgde for at området også skal kunne nyttast til dette føremålet. Området mellom Leirungsåa og riksvegen i Vågå kommune er ein del av storviltjaktområdet «Sjodalen vest». Utøving av storviltjakt skjer lengre nord i jaktfeltet, og vil berre unntaksvis skje innafør utredningsområdet.

Nedre Leirungen er eit populært fiskevatn i statsallmenningen. Det ligg lett tilgjengeleg frå veg og har ein god bestand av aure. Garnfisket er lov for innabygds, men utanbysbuande kan fiske både med stong og oter her. Fleire har liggjande eigen båt her, og desse er stort sett konsentrert i den austlege delen av vatnet. I tillegg er det enkelte som har med eigen båt frå Leirungsvegen. Fjellstyret har to båtar liggjande ved vatnet. Den eine blir brukt av dei som leiger bua ved Nedre Leirungen. Den andre blir leigd ut som robåt, med booking på Inatur. Fjellstyret har i mange år gjennomført utfisking av ørekyte som eit forvaltningstiltak i Nedre Leirungen, med bruk av ca. 10 ruser gjennom sesongen. Ein lokal fiskar hjelp til med dette arbeidet. Andre kultiveringstiltak som utsetting av fisk, utfisking og/eller habitatforbedrande tiltak har så langt ikkje vore vurdert som nødvendige. Bruk av motorbåt på vatnet har vore oppe til behandling i Vågå kommune i 2024. Vågå kommune har foreslått i samband med revisjon av kommunal forskrift at det blir opna for bruk av motorbåt på Nedre Leirungen på inntil 6 hk. Bruk av motorbåt kan auke tryggleiken på dette vindutsette vatnet, og vere med å stimulere til meir fiske. Ein eventuell verneprosess må ta høgde for at kommunen no truleg går inn for bruk av motorbåt på Nedre Leirungen i samband med utøving av fiske.

Leirungsdalen eit viktig område for utøving av jakt og fiske. Med sin tilgjengelegheit frå veg er området spesielt viktig for dei som ønsker seg et lett tilgjengeleg friluftsområde. Området er eit viktig produksjonsområde for småvilt, spesielt liryte.



Figur 12: Jakt i Langmorkje statsallmenning

4 Statusbeskriving faste innretningar

Kapittelet gjev ei oversikt over bygningar og anlegg, samt anna infrastruktur innafor dei to utredningsområda. Også seteromåder og areal som grensar til, er i nærleiken eller på annan måte kan bli berørt av planane om vern av området er teke med i dette kapittelet. Utvida tabell med meir informasjon om eigarar, koordinatar m. v. kan bli ettersendt på førespurnad.

4.1 Utredningsområde Hindflye

Landbruk

Dyrkingsparsellen tilhøyrande Kluften og setra til Rydland/Flatum (**tabell 4, figur**) har fulldyrka jord innafor utredningsområdet. Gardane Nigard Lunde og Fjellheim har i tillegg eigne beiteareal og dyrkingsparsellar som ligg innafor utredningsområdet. Dyrkingsparsellen 1129 har fulldyrka jord innafor utredningsområdet.

Hindflye beitelag har saltstein med tilhøyrande saltsteinkasser utplassert i utredningsområdet. For posisjonar sjå **figur 10**.

Russdalen beitelag har saltstein med tilhøyrande saltsteinkasser og ei gjetarbu (3) innafor utredningsområdet. Russdalen beitelag har også ei gjetarbu som ligg innafor Jotunheimen nasjonalpark ved utløpet av Blåtjønnå i Russvatnet som det vart gjeve løyve til i 2015. Beitelaget har samlingsanlegg (32) ved enden av Russvegen som nyttas ved slepp og sank av sau. Bruene over Nørdre Tverråe (30) er først og fremst enkle gangbruer/klopper som ikkje nyttas ved køyring langs traktorvegen.

Både Russdalen og Hindflye beitelag kan nytte traktorvegen i Russdalen (31) med terrenggåande køyretøy (traktor, ATV, grov firehjulstrekk) innafor reglane i motorferdselslova. Eksempel er ved melding om skada dyr i området. For ytterlegare motorferdsel i utredningsområda sjå kapittelet om utmarksbeite under områdebruk og verdivurdering landbruk.

Privat/andre aktørar


Ved området Hindseterkampen ligg det tre private hytter inne i utredningsområdet med tilhøyrande veg (34-37).

Russvatnet har vore eit eigendomsvatn i Langmorkje statsallmenning sidan 1779, då Nordigard Kleppe kjøpte det av kongen. Eigarane av vatnet har drevet eit næringsbasert fiske på Russvatnet sidan 1950, til dags dato. Dei har anlegget «Russvassbue» (28) ved utoaset beståande av to hytter, naust med loftstugu, brygge og skåle. Anlegget blir nytta aktivt gjennom heile fiskesesongen, og eigarane har løyve frå kommunen og motorferdselslova for å køyre langs traktorvegen (31) i Russdalen. Eigarane i dag nyttar ein grov firhjulstrekkar bil til dette føremål.

Både Lom og Vågå tamreinlag nyttar traktorvegen i Russdalen med terrenggåande køyretøy for tilsyn og kontroll av rein. Lom tamreinlag har båt ved Russvatnet, og brukar vatnet som «transportåre» for vidare ferdsel inn i beiteområdet. Lom tamreinlag har gjetarbu mot andre enda av Russvatnet ved Blackwellbue.

Tabell 6: Oversikt faste innretningar i utredningsområde Hindflye

Nr.	Navn	Område	Type	Eigar/gårdsbruk	Festenr	Ant.bygg
1	Seter	Hindseter	Seter	Nordigard Snerle	914	4
2	Seter	Hindseter	Seter	Austrem	915	6
3	Beite	Hindseter	Beite	Austrem	1394	0
4	Seter	Hindseter	Seter	Løkjerandin	916	3
5	Beite	Hindseter	Beite	Løkjerandin	1392	0
6	Seter	Hindseter	Seter	Hååkstad	917	4
7	Seter	Hindseter	Beite	Hååkstad	1393	0
8	Seter	Hindvangen	Seter	Solheim	918	4
9	Seter	Hindvangen	Seter	Rundhaugen	919	2
10	Seter	Hindvangen	Seter	Løken	920	3
11	Dyrkingssp.	Hindvangen	Dyrkingsparsell	Løken	921	0
12	Seter	Vest-hinde	Seter	Vestheim	923	3
13	Dyrkingssp.	Vest-hinde	Dyrkingsparsell	Vestheim	1139	1
14	Seter	Bulego	Seter	Ekren	924	5
15	Beite	Russlie	Beite	Nigard Lunde	1226	0
16	Seter	Russlie	Seter	Fellese	925	5
17	Seter	Russlie	Seter	Nigard Lunde	927	9
18	Dyrkingssp.	Russlie	Dyrkingssp.	Nigard Lunde	926	0
19	Seter	Russlie	Seter	Uppigard Sandbu	928	7
20	Dyrkingssp.	Søre Tverråe	Dyrkingssp.	Kluften	930	3
21	Seter	Søre Tverråe	Seter	Fjellheim	931	8
22	Beite	Søre Tverråe	Beite	Fjellheim	1224	0
23	Dyrkingssp.	Søre Tverråe	Dyrking	Fjellheim	1229	0
24	Seter	Søre Tverråe	Seter	Bjørklund	932	3
25	Seter	Søre Tverråe	Seter	Flatum	936	0
26	Seter	Søre Tverråe	Seter	Rydland/Flatum	937	5
27	Bru Russa	Russa	Hengebro	DNT	1057	1
28	Russvassbue	Russvatnet	Fritidseiendom	Privat	542	5
29	Saubue	Russa	Gjetarbu	Russdalen beitelag	1055	1
30	Broer	Nørdre Tverråe	Gangbru	Russdalen beitelag		2
31	Traktorveg	Russa	Traktorveg			
32	Anlegg	Russdalen	Samlegjerde	Russdalen beitelag	1056	
33	Hytte	Russdalen	Fritidseiendom	Privat	533	2
34	Hytte	Hindsæterkampen	Fritidseiendom	Privat	236	1
35	Hytte	Hindsæterkampen	Fritidseiendom	Privat	276	1
36	Hytte	Hindsæterkampen	Fritidseiendom	Privat	373	1
37	Veg	Hindsæterkampen	Veg	Privat		
38	Bru	Stor-Hinde	Bru	Vågå fjellstyre		1
39	Saltstein		Saltstein	Hindflye beitelag		
40	Saltstein		Saltstein	Hindflye beitelag		
41	Saltstein		Saltstein	Hindflye beitelag		
42	Saltstein		Saltstein	Russdalen beitelag		



Figur 14: Oversiktskart faste innretningar Hindflye. Raudt er innfor utredningsområdet, grønt er utanfor. Eksisterande verneområde i skravert

4.2 Utredningsområde Leirungsdalen

Landbruk

Leirungsdalen beitelag har faste innretningar innfor utredningsområdet. Dette er i hovudsak saltstein med tilhøyrande saltsteinkassar (**Tabell 7, figur 13**). I tillegg har dei ein levvo i tre (2) som Statskog gav løyve til å sette opp i 2020. Denne blir nytta av ein av beitelagets medlemmar, som er den einaste som har sauene på denne sida av Leirungsåe. Det er sett vilkår om at lavvoen skal takast ned etter kvar beitesesong. Beitelaget har eit sperregjerde mellom Leirungsåe og Nedre Leirungen (31) for å halde dyra innfor beiteområdet. Gjerdet er markert med grøn stipla linje i kartet.

Det er ikkje formalisert eigarskap til brua over Leirungsåe. Det har ikkje lyktast å finne informasjon om korleis og kven som fyrst sette opp denne brua. Vågå fjellstyre og beitelaget har baa gjort vedlikehaldsarbeid på brua opp gjennom åra. Brua blir stengt med grind for å hindre samanblanding av sau mellom dei ulike brukarane i området.


Private/andre aktørar

Ved Nedre Leirungen er det fleire private hytter og naust. Den mest nytta hytta i området er utleiehytta til Vågå fjellstyre. Frå 2019 har hytta hatt gjennomsnittleg 120 leigedøgn i året. Hytta har vert utleidd 157 døgn i 2024. Etter avtale med fjellstyret nyttar Leirungsdalen beitelag hytta 14 døgn i beitesesongen i samband med gjeting og tilsyn av sau i området. Til hytta er det eit stort uthus med utedo og lager. Fjellstyret har planer om å totalrenovere uthuset.


Ved Gjendeosen er det fleire naust og eldre buer med kulturhistorisk verdi. Her er bl. a. Jo Gjende si gamle bu (24) bygd i tida rundt 1850.

Tabell 7: Oversikt faste innretninger utredningsområde Leirungsdalen


Nr.	Navn	Område	Type	Eigar/gårdsbruk	Festenr	Ant.bygg
1	Vargebue	Knutshøe	Hytte	Vågå fjellstyre	972	2
2	Gjetarbu	Semelhøe	Lavvo-plankebu	Leirungsdalen b.		1
3	Bru	Leirungsåe	Bru			
4	Bru	Varga	Bru			
5	Hytte	Nedre Leirungen	Hytte		957	2
6	Hytte	Nedre Leirungen	Hytte		415	2
7	Hytte	Nedre Leirungen	Hytte	Vågå fjellstyre	958	2
8	Hytte	Nedre Leirungen	Hytte		959	2
9	Hytte	Nedre Leirungen	Hytte		960	2
10	Hytte	Nedre Leirungen	Hytte		325	2
11	Hytte	Nedre Leirungen	Hytte		471	2
12	Naust	Nedre Leirungen	Naust		961	
13	Leirungsvegen	Nedre Leirungen	Veg	Privat		
14	Leirungsbui	Nedre Leirungen	Hytte		416	3
15	Hytte	Nedre Leirungen	Hytte		232	3
16	Hytte	Nedre Leirungen	Hytte		417	2
17	Hytte	Nedre Leirungen	Hytte		418	1
18	Hytte	Mågåhølen	Hytte		311	2
19	Hytte	Mågåhølen	Hytte		423	1
20	Hytte	Mågåhølen	Hytte		420	3
21	Naust/bu	Gjendeosen	Naust/Hytte		984	1
22	Naust/bu	Gjendeosen	Naust/hytte		985	1
23	Naust/bu	Gjendeosen	Naust/hytte	Klones AS	983	1
24	Jo-Gjende Bua	Gjendeosen	Bu		982	1
25	Naust	Gjendeosen	Naust		980	1
26	Naust	Gjendeosen	Naust/bu		981	1
27	Gjendegården	Gjendeosen	Hytter		0	3
28	Naust	Gjendeosen	Naust		979	1
29	Hytte/Næring	Gjendeosen	Hytte/næring	Gjendebåten AS	312	4
30	Infiltrasjonsanlegg	Gjendeosen	Kloakk	Gjendesheim		
31	Gjerde	Leirungsmyrin	Gjerde/stengsel	Leirungsdalen b.		
32	Sankeanlegg	Leirungsvegen	Gjerde/sankeanlegg	Leirungsdalen b.		
33	Bru/klopp	Varga	Bru/klopp	Leirungsdalen b.		
34	Saltstein	Varga	Saltstein	Leirungsdalen b.		
35	Saltstein	Nedre Leirungen	Saltstein	Leirungsdalen b.		
36	Saltstein	Nedre Leirungen	Saltstein	Leirungsdalen b.		
37	Saltstein	Semelhøe	Saltstein	Leirungsdalen b.		
38	Saltstein	Steinflybakkan	Saltstein	Leirungsdalen b.		
39	Saltstein	Svarthåmbue	Saltstein	Leirungsdalen b.		
40	Saltstein	Gjendeosen	Saltstein	Leirungsdalen b.		
41	Ruin	Leirungsdalen	Ruin/gjetarbu	?		



Figur 15: Oversiktskart faste innretninger i Leirungsdalen. Eksisterende verneområde i skravert.



Figur 16: Oversiktskart faste innretninger i Leirungsdalen. Eksisterende verneområde i skravert.



Figur 17: Oversiktskart faste innretningar i Leirungsdalen. Eksisterande verneområde i skravert.

5 Bibliografi

Bakke, D. I. (2024). Vågå Tamrein As .

NIBIO. (2023). *Kilden - webkart*.

Rekdal, Y. (2008). Utmarksbeite - Kvalitet og kapasitet . *Glimt - Norsk institutt for skog og landskap*, 3.

Raastad, K. (2022). *Sætrene i Vågå* . Vågå historielag.

Solbakken, A. K. (2024). Leder Leirungsdalen beitelag .

SSB. (2023). *Statistisk sentralbyrå*. Henta frå <https://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/jakt/statistikk/smavilt-og-radyrjakt>.

Vaberg, H. P. (2024). Russdalen beitelag.

Øien, P. (2024). Allmenningsbestyrar.